

## Oppsummering av merknadar med kommentarar og vurderingar:

Avsendar	Hovudpunkt i merknaden	Kommentar/vurdering frå kommunen
Omya Hustadmarmor AS v/Lars Frydendal, Plant Manager Knarrevik	<p>1. Spør om det er utkastet til planprogrammet som kommunen no ønskjer tilbakemelding på, utan at konsekvensvurderingane i planprogrammets kapittel 4 er ferdigstilt, og om det er riktig oppfatta at den endelege kommunedelplanen først kjem seinare.</p> <p>2. peikar på at kva restriksjonar som ev. skal innførast ikkje er utdjupa.</p>	<p>1. Det er utkast til planprogram som er på høyring, og kommunen ønskjer tilbakemeldingar på om det er behov for å justera retning av den skisserte prosessen. Konsekvensutgreiinga er ikkje ferdig, men vil bli lagt ved når utkastet til sjølve kommunedelplanen kjem på høyring seinare.</p> <p>2. Kommunen ønskjer først å få tilbakemelding på om andre har ev tankar om restriksjonssona, før det vert utdjupa i planen. Når kommunedelplanen kjem på høyring vil det vere tydeleg kva for restriksjonar kommunen meiner det er behov for, og kva som ligg i restriksjonane. Også i denne høyringa vil det vera mogleg å komma med merknad.</p> <p>Kommunen har hatt direkte dialog med avsendar.</p>
Bergen kommune, Byrådsavdeling for byutvikling	<p>1. Ba om forlenga høyringsfrist for å ta saka opp i byrådet.</p> <p>2. Bergen kommune støttar formålet med planarbeidet, og ser denne infrastrukturen som viktig både for Bergen kommune og Øygarden. Elles har dei ikkje særlege merknader til planarbeidet eller forslag til planprogram.</p>	<p>1. Kommunen ga forlenga frist til 22.6.2020 i epost datert 5.6.2020</p> <p>2. Teke til orientering.</p>
Kystverket vest	<p>1. Peikar på formålet med ny lov om havner og farvann, havne- og farvannsloven som trådte i kraft 1.1.2020.</p> <p>2. Informerer om at statistikk for hovudlei Vatløstraumen utanfor planområdet viser at det i 2019 passerte 28 442 fartøy med automatisk identifikasjonssystem under Sotrabraua.</p> <p>3. Er positiv til restriksjonssone og meiner at omsynet til skipstrafikken bør inngå i vurderingskriteria for etablering av restriksjonssona.</p> <p>4. Meiner det bør utarbeidast føresegner for planområdet som tek i vare tryggleik og framkomst for skipstrafikken inn/frå hamneområdet og farleia.</p>	<p>1. og 2. vert teke til orientering i planarbeidet.</p> <p>3. Restriksjonssona vil ha som føremål å verne samfunnsviktige/samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur, indirekte også for båtar som kryssar under brua. Skipsleia elles i Vatløstraumen har ikkje vore tema, eller vurdert som påverka av faren som vart avdekt i ROS-analysen.</p> <p>4. Farleiene er ikkje tema for dette planarbeidet, men restriksjonane vil truleg vera til fordel for tryggleik og framkomst for skipstrafikken. Gjeldande arealføremål vert vidareført og skipstrafikken vil ikkje verte påverka av restriksjonar på arealbruken. Ved behov for endringar av arealformåla for hamn, kan dette dette ev spelast inn ved neste rullering av arealdelen til kommuneplanen.</p>

Statens vegvesen	<p>1. Peikar på at behovet for ein heilskapleg ROS-analyse vart synleggjort i samband med ein enkeltsøknad frå YIT om å få grave ned gasstank, og er positiv til planarbeidet som vil gje kommunen betre rammer for styring av arealbruken i området.</p> <p>2. Har ikkje merknader til planprogrammet.</p> <p>3. Peikar på at det er sær s viktig at planen ikkje kjem i juridisk konflikt med reguleringsplanen for Sotrasambandet. Planen må ikkje hindre aktivitetar i prosjektet for Sotrasambandet, verken bygging eller drift.</p>	<p>1. og 2. Vert teke til orientering.</p> <p>3. Planarbeidet har som mål å ta omsyn til gjeldande planar for og gjennomføring av Sotrasambandet, og vil vidareføre formål og omsynssoner. Kommunen ønskjer dialog med SVV om utstrekning og utforming av restriksjonar for arealbruken i området, noko som går fram av kap. 5.1 i planprogrammet, om organisering av planarbeidet.</p>
Fylkesmannen i Vestland	<p>1. Fylkesmannen rår til å bruka formuleringa <i>samfunnskritiske funksjonar og infrastruktur</i>, ikkje berre omgrepet infrastruktur. Formålet må vera at det ikkje skal tilføra ytterlegare risiko/sårbarheit verken for funksjonar eller tenesteyting.</p>	<p>1. Merknaden vert teke til følge og formuleringa er teke inn i revidert planprogram.</p>
Vestland fylkeskommune	<p>1. Er positive til planarbeidet og har ingen merknader til oppstart.</p> <p>2. Meiner vurderingane i kap. 4 i planprogrammets om konsekvensutgreiing er utfyllande.</p> <p>3. Peikar på at kommunen har lagt opp til ein medverknadsprosess i tråd med minimumskrava i lova, og meiner at kommunen kan gjere meir for å få høgare deltaking og då spesielt med tanke på næringsaktørar og grunneigarar som vert råka.</p> <p>4. Peikar på at størstedelen av planområdet ligg i omsynssone H570, bevaring av kulturmiljø, i KPA for Fjell kommune. Knarrvika industriad er vurdert å ha svært høg verneverdi i temaplan for fysiske kulturminne og kulturmiljø 2019-2022. Det er også kjent fleire krigsminne innafor planområdet. Ber om at kulturminneverdiane i plan- og influensområdet vert utgreidd i den vidare planprosessen sjølv om det ikkje er eige tema i konsekvensutgreiinga. Dersom kulturminneinteressene ikkje vert tilstrekkeleg utgreidd kan fylkeskommunen vurdere å imøtegå planforslaget med administrativt vedtak.</p> <p>5. Rår kommunen til å gå i dialog med kulturminnemyndet for å synleggjere ev. konfliktområde og minske ev konfliktpotensial. Ved vesentleg konflikt</p>	<p>1. og 2. vert teke til orientering.</p> <p>3. Kap. 5.2 i planprogrammet om medverknad og informasjon vert supplert med at det vert teke sikte på å halde dialogmøte med aktuelle grunneigarar og aktørar i planområdet før planen vert lagt ut til offentleg ettersyn.</p> <p>4. Kulturminneverdiane i området er godt kjent for kommunen bl.a. gjennom dei nemnde planane og vedteken omsynssone. Planen vil ikkje innehalde nye byggjeområde eller arealbruk som ikkje alt er avklart i gjeldande planar som skal ligge til grunn for kommunedelplanen. Kommunen har derfor ikkje grunn til å tru at restriksjonane vil få nye verknader for kulturminneverdiane i området, og derfor treng konsekvensutgreiing. Eksisterande kulturminneverdiar og omsynssoner vil verte vidareført i planen og omtalt i planomtalen.</p> <p>5. Kommunen vil ta kontakt med kulturminnemyndet for dialog om planarbeidet.</p> <p>6. Kommunedelplanen vil ikkje endra gjeldande arealbruk, og det ligg ikkje føre planar om tiltak i sjø utover eksisterande kaianlegg. Kulturminne og varslingsplikt ved funn er ivaretatt i gjeldande planar og anna lovverk.</p>

	<p>kan fylkeskommunen vurdere å imøtegå planforslaget med politisk vedtak.</p> <p>6. Bergens Sjøfartsmuseum kjenner til to vrak som ligg i grensa for planområdet (Askeladden id: 139566). Vraka er truleg moderne men bør avklarast dersom det skal gjerast tiltak i nærleiken av posisjonen. Det kan og ligge fleire kulturminne i det aktuelle området, og fylkeskommunen minner om at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.</p>	
BKK Nett AS	<p>1. Viser til eksisterande 300 kV og 132 kV luftleidningar sør for eksisterande Sotrabru, som skal erstattast med kabelanlegg under brua og gå vidare vestover i støypt kulvert i nordleg del av planområdet fram til tunnelmunninga ved den gamle brannstasjonen i Knarrvika.</p> <p>2. Luftleidningane skal fjernast i 2021 når ny 420kV (eigd av Statnett) og 132 kV (eigd av BKK) vert spenningssett. Det er ikkje nødvendig å legge inn omsynssone for luftleidningane i planen.</p> <p>3. Det må ikkje gjerast graving eller sprengingsarbeid så nær dei nye kabelanlegga at det kan gje risiko for skade på den gamle Sotrabrua og dermed anlegga. I vestre del av planområdet må det ikkje gjerast tiltak som kan føre til skade på støypt kulvert eller tunnel.</p> <p>4. BKK Nett og Statnett skal kontaktast ved ønskje om å gjennomføre tiltak som inneber graving, sprenging, utfylling, bygging eller anna arbeid i nærleiken av kabelanlegga. Ved vurdering av tiltak som har økt risiko for brann eller eksplosjonsfare må avstand frå tiltaket til kabelanlegg og/eller bru og ev påverknad vurderast.</p> <p>5. Gjer merksam på at kabeltrasear i bakken eller i sjø ikkje må teiknast i plankart, jf. Forskrift om sikkerhet og beredskap i kraftforsyningen § 6-2 og NVEs Veiledning til forskrift om beredskap i kraftforsyningen, pkt. 6.2.5.</p>	<p>Pkt. 1. og 2. vert teke til orientering.</p> <p>Pkt. 3. og 4: Planarbeidet er starta opp nettopp for å sikra desse samfunnsviktige/samfunnskritiske anlegga. Innspela vert teke med i det vidare arbeidet og sikra i føresegnene. Formuleringane i pkt. 3 og 4 vil kunne inngå som føresegner for restriksjonssona.</p> <p>Pkt. 5 vert teke til orientering.</p>